



Det er i dette området Møyfrid og Anders Kristoffersen no vil få byggja seg kårhus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkesmannen i Hordaland har no trukke klaga på kommunen sitt vedtak om å akseptera at eit beiteområde på Storhaug ovanfor Musland blir nytta til kårhustomt for Møyfrid og Anders Kristoffersen. Dermed er saka løyst slik at dei likevel får byggja der dei helst vil.**

I brevet frå fylkesmannen heiter det kort og godt at det i den seinare tid har kome fram nye moment i saka og at fylkesmannen i lys av desse vel å trekkje klaga.

Fylkesmannen seier seg også lei for at handsaminga av saka har trukke ut i tid på grunn av dette.

- Vi er utruleg glade for at denne langdryge saka til slutt fekk ei lukkeleg løysing. No blir det byggjing så snart det er praktisk mogeleg, seier Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no

Møyfrid og Anders søkte om dispensasjon frå gjeldande planar og frå jordlova for å byggja hus nummer tre. Det vert drive med sau på bruket og eit generasjonsskifte nærmar seg. Kårhuset som i dag ligg i tunet er gamalt og lite eigna etter dagens krav.

Forvaltningskomiteen gav i vinter dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan. Komiteen meinte at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege og/eller allmenne interesser og at det var særlege grunnar til dispensasjon.

Det var ikkje miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga til fylkesmannen einige i. Dei viste til at huset blir liggjande langt frå tunet og at det er erfaring for at slike hus blir delt frå seinare.

Til dette svara administrasjonen i kommunen mellom anna at det er liten plass til nytt hus i tunet og at eit nytt hus vil styrkja næringsgrunnlaget og gje den nye drivaren mogelegheit for å satsa på fleire felt. I tillegg vil det gje trygghet for hjelp til drift av bruket.

Av Ola Matti Mathisen